



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
16.06.2016
Dykkar dato
18.05.2016

Vår referanse
2014/8463 421.3
Dykkar referanse
16/822

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Uttale - Offentleg ettersyn - Reviderte føresegner - Meland - Kommuneplanen sin arealdel

Vi viser til brev av 18.05.2016 med høyringsfrist 20.06.2016.

Saka gjeld revisjon av føresegnene til kommuneplanen sin arealdel. Revisjonen gjeld endring i føresegnene til planen.

Fylkesmannen sine marknader

Fylkesmannen si vurdering er at revisjonen dreier seg om mindre endringar.

Kommunen ønsker mellom anna å legge inn ein definisjon av bueining i føresegnene. Bueining skal følge definisjonen i matrikellova. Slik Fylkesmannen forstår det etter telefonsamtale med kommunen, så ønsker kommunen at definisjonen skal følge matrikellova sine regler om fastsetting av offisiell adresse jf. matrikellova § 21 og matrikelforskrifta § 50. Fylkesmannen meiner at denne definisjonen må klargjerast for at andre enn kommunen skal forstå han. Vi vil også rå kommunen til å ta definisjonen inn i sjølve føresegnene og ikkje berre under definisjonar utan rettsverknad.

Fylkesmannen forventar at tal på einebustader og naust i områda for spreidd bustad og i område for naust ikkje vert auka som følgje av denne revisjonen av føresegnene. Maksimalt tal på einebustader og naust må framleis gjelde frå 17.06.2015 og ikkje frå denne revisjonen.

Elles har vi ingen vesentlege merknader til endringane.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Statens Vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger